



---

## Notat

---

Til stades: Konrad Kolås, John Bauge, Tore Rikstad

Til: Magne Hope AS, John Bauge, Cowi

Kopi til: Jon Askeland, Jarle Landås, Lisbeth T Alvær

Saksbehandler: Teknisk drift/Tore Rikstad

Vår referanse: 14/425 - 1 /

Dato: 14.02.2014

---

### Emne: Vegutviding Storsandvik - referat frå byggemøte 05.02.14

#### Framdrift:

Avgraving ferdig og arbeida med lagvis oppbygging av vegen er påbyrja. I dette inngår også at tidlegare avdekka VA – nett også er pågravd att.

Magne Hope og BKK hadde synfaring saman med Vestnorsk Brønnboring 04.02. Mindre endringar i høve tidlegare velte trase for borehol. Forholda avklart og arbeida klar for oppstart 20.02.

#### Øvrige avklaringar:

Det må vera mistydingar rundt «vilkår» for å senda inn skiltplan v/avkjørsle Fylkesveg. Tore tar dette opp med Statens vegvesen.

Veglys m/ stålmaster og kabel er tinga.

Synfaring saman med grunneigar 82/32 vedkomande type rekkverk på muren. Magne Hope kjem med alternativt forslag utover det beskrevne og eventuell priskonsekvens.

Rekkverk elles: Magne Hope foreslår at i staden for å festa stolpene i ein betongfundament som beskreve vert dei slått ein 1 meter ned i veggrunen slik som er mest vanleg. Betongfundament langs mur vert som beskreve.

Detaljar v/kjørsle til eigedom 82/32 må avklarast.

Entreprenør stilte spørsmål til omfanget av uttak og fjerning av utskiftingsmassene - jf post 02.01.3 og 02.01.4 i beskrivelse. Han foreslo å nytta noko av desse massene som kunne vera eigna i vegfyllinga. I den grad massene er eigna og ikkje forureina, har ikkje byggherre merknader til gjenbruken. (endringsmelding/priskonsekvens)

Entreprenør stilte spørsmål til kor vidt det er behov for fiberduk mellom utgravd traubunn og forsterkingslaget – jf post 02.01.24. Tar dette opp med Cowi. Eventuelt utelating medfører endringsmelding/priskonsekvens.

Entreprenør har funne nokre gamle betongrør heil nede i enden av vegen. Dimensjon tyder på at dette kan vera ei stikkgrøft. Gjenopprettast.  
Rapport etter HMS-gjennomgang sendast byggherre.

**Neste byggemøte:**

**Onsdag 19.02.14 kl. 13.00** i den fine brakkeriggen i Storsandvik

Tore Rikstad  
ref